



# Etterord

## Haugtussa – har ho nok å framtid?

SIGBJØRN REIME

Statistisk Sentralbyrå sine siste tal like før jul 2014 viste at me stadig er eit bokelskande og boklesande folk, og at papirboka faktisk er på kontinuerleg frammarsj her i landet. Kva framtid ei bok som er skriven på 1800-talet har blant komande generasjonar av lesarar kan fort vera ei anna sak. Eg har i all jærsk beskjedenheit prøvd etter beste evne å ta konsekvensen av akkurat *det* for Garborg sin del ved å språkmodernisera fem bøker, og å redigera og modernisera ei samling av alt såkalla dokumentarstoff han skreiv i Knudaheio mellom 1905 og 1923. Den har fått namnet *Knudaheidagbok*. Dei moderniserte bøkene har det felles at dei er baserte på førsteutgåvene, og at dei har ei eller anna tilknyting til Jæren. Dei fem er *Bondestudentar*, *Fred*, *Haugtussa*, *Den bortkomne Faderen* og *Knudaheibrev*. Eg har bare fått positive tilbakemeldingar på dette arbeidet, som har vore støtta av Fritt Ord og Norsk kulturråd. *Haugtussa*-utgåva mi er m. a. nemnt som ei av dei sju viktigaste utgåvene gjennom tidene i UiO si studieutgåve.

Eg trur at mykje av framtida for både *Haugtussa* - og andre klassikarar - kan liggja i tre stikkord: *synleggjering*, *tilrettelegging* og dermed *bruk*. Ane

Dahl Torp og Sjur Miljeteig sin versjon av *Haugtussa* på Det norske teatret er eit glimrande døme på korleis dei tre kan kombinerast gjennom ei *førestilling*. Det kan vera *ein* god veg å gå.

Men ei meir *etablert synleggjering* og *bruk* som skal nå flest mogleg må etter mi meining føregå gradvis ein stad me *alle* er innom, nemleg barnehagen og skulen. Bøkene må rett og slett vera på timeplanen. Det er elles nærmest ei skam kor lite elevane våre kan av og om klassisk norsk litteratur når dei forlét skuleverket. Trist er det òg at dei dermed går glipp av mykje nyttig og viktig livskunnskap ved ikkje å ha lese og arbeidd seg gjennom stor og tidlaus litteratur som er ein så viktig del av vår nasjonale identitet og kulturarv. *Haugtussa* må derfor *brukast*, men på ein pedagogisk gjennomtenkt måte på fleire stadiar, måtar og nivå gjennom dei over femten åra dei unge møtest dagleg. Ein viktig gevinst med å begynna tidleg er at ein då kan ta brodden av seinare negative haldningar til denne typen litteratur. Når ungane er små har dei ikkje «lært» at det som er skrive for lenge sidan er «ukult». Tenk bare på dei evigunge eventyra. Utvalde deler av den klassiske litteraturen kan lesast, fortel-



Førsteutgåve av Haugtussa. Utgjevar. H. Aschehoug & Co.s forlag, Kristiania 1895.

jast og brukast som underlag for nær sagt kva som helst - heilt frå barnehagen av.

Når det gjeld *tilrettelegging* trur eg òg på *språkleg tilrettelegging*, slik eg har gjort med *Haugtussa*. Språk er både kommunikasjon og identitet. Kommunikasjon fungerer alltid best på det språket som til ei kvar tid er vårt, munnleg eller skriftleg. Og me må bare innrømma et Garborg sitt opphavlege språk ikkje er det som kommuniserer best med dagens le-

sarar, unge som eldre. Derfor kan språket verta eit spørsmål om liv eller død for teksten. Det er synd, sidan det truleg ikkje er så mykje meir enn *rettskrivinga* og kanskje nokre eldre ord og uttrykksformer i t.d. *Haugtussa* som er framandgjerande. Slike for ein lingvist spennande enkeltord kan anten bytast ut eller forklarast i fotnotar. Det *store* og *tidlause* ligg nemleg i *emnet* litteratur av dette formatet handlar om og drøftar, ikkje i *rettskrivinga* det vert formidla

